

Stord og Nysæter Sokneråd, saman med Leirvik, Horneland og Sagvåg bedehus inviterer til

Felleskapstur til Israel

19. oktober — 28. oktober 2017



REISELEIARAR:

Svein Bjarne Aase og Ludvig Bjerkreim



PLUSSTREISER

— mer enn ferie

TURPROGRAM:

Velkomen med på ti-dagars Fellesskapstur til Landet der det skjedde! Med Bibelen som reisehandbok skal vi saman oppleve at bibelforteljingane vert levande for oss. Vi skal vandre i Jesu fotspor, sjå heilage stadar og moderne storbyar, oppleve naturvandring og ørken, kunne bade både i oase og det salte hav, og ha fellesskap med kvarandre gjennom ei reise som er ei investering for livet. Vi byrjar ved Middelhavskysten, fortset til Galilea, vidare til Judea ørkenen og Dødehavet før vi avsluttar i Jerusalem. Den norsktalende guiden Eva (Chava) Haugen vert med oss på reisa.

Dag 1, torsdag 19. okt.:

Utreisedag

Velkomen med på Israelstur! Vi reiser med British Airways frå Bergen via London til Tel Aviv. På Ben Gurion Flyplass ved Tel Aviv vert vi møtt av vår guide og sjåfør som tek oss til vårt hotell i Netanya ved Middelhavskysten.



Dag 2, fredag 20. okt.:

Cæsarea, Haifa, Nasaret og til Tiberias

Vi startar reisa vår med å besøke det bibelske Cæsarea ved havet, som ligg berre ein liten køyretur frå Netanya. På Jesu tid hovudsete for romarane. Her budde Pontius Pilatus, hit kom Peter for å forkynne evangeliet for Kornelius og her sat Paulus fanga. Vi ser utgravingane og besøker teateret som fortsatt vert brukt til konsertar og førestillingar. Så fortset vi nordover langs kysten til Israels tredje største by; Haifa. Her besøker vi Beit Eliahu, ei av dei største messianske forsamlingane i landet og vi håper å få til eit møte med pastor Samuel Aweida.



Siste stopp for dagen vert Jesu barndoms by Nasaret, kor vi besøker Midt-Østens største kyrkje, som er bygd over staden der Maria budde og fekk bodskapen om at ho skulle føde verdas Frelsar. Etterkvart kjem vi fram til Tiberias ved Genesaretsjøen, kor vi skal bu dei neste dagane.



Dag 3, laurdag 21. okt.:

Ved og på Genesaretsjøen

I dag skal vi vandre i området der Jesus virka aller mest. Vi starta med å besøke Kapernaum, Jesu eigen by, som var senter og base for Hans virke i Galilea. Vi køyrer vidare til høgda der Han held sin Bergpreike; Saligprisningenes berg. Så går vi ned til sjøkanten og staden som heiter Mensa Christi (Krist bord) i Tabgha, området kor Han kalla dei fleste av sine læresveinar og kor Han m.a. utførte brødunderet. Her minnst vi fiskefangsten og Jesu tredje møte med læresveinane etter oppstoda. Dagen vert avslutta med båttur på Gennesaretsjøen (Søndagsskulesjøen).



Dag 4, søndag 22. okt.:

Nord-Galilea og Golan

Vi startar dagen i Maria Magdalena sin heimby; Magdala. Her har det dei siste åra vorte gjort spennande arkeologiske funn, m.a. ei vakker synagoge frå Jesu tid. Så køyrer vinordover i Hula dalen, dette grøderike området som tidlegare var sumpområder. Vi køyrer til naturparken Baniyas som ligg i området der bibelske Cæsarea Filippi låg, kor Peter kom med sin mektige proklamasjon; Du er Messias, den levande Guds son. Her legg vi ut på ein times naturvandring, langs Baniyas kjelda til Israels største fossefall. Etterpå fortset vi langs den libanesiske grensa og køyrer opp på Golan høgda. Vi et lunsj i ein av drusarbyane som ligg her og besøker etterkvart vulkanhøgda Har Bental, ein nedlagd militærpost, kor vi ser langt inn i Syria. Dette er ein dag som verkeleg gir oss eit innblikk i den politiske situasjonen i området og kva Golan tyder for Israel i dag.



Dag 5, måndag 23. okt.:**Frå Galilea til Dødehavet**

Vi forlèt det frodige Galilea og set kursen mot Dødehavet. Vegen går gjennom Jordandalen på grensa til kongeriket Jordan. Fyrste stopp vert i oasen Sachne, som året rundt held 27 grader i vatnet. Så stansar vi på dåps staden Qaser ElYehud, som ligg like ved Jeriko. Her i området var det døyparen Johannes virka, og i dette området var det Jesus vart døypt. Så vert det besøk i verdas eldste by; Jeriko, kor vi ser Elisabets brønn, Jerikos murar og utsikten mot Freistingas berg. Og her minnst vi òg Sakkeus og Bartimeus sine møter med Meistaren. Etter kvart er vi framme ved vår neste overnattings stad ved Dødehavet. Vi er på verdas lågaste stad, meir enn 415 m under havet, og skal få oss eit bad vi aldri gløymer. Vi flyt nemleg som kork i det salte vatnet. Dødehavet inneheld heile 33 % salt og i tillegg har havet mange andre mineraler som saman gjer det til ein av dei mest helsebringande stadar i verda.

Dag 6, tyrsdag 24. okt.:**Frå Dødehavet til Jerusalem**

Vi kosar oss ved Dødehavet på føremiddagen før vi set kursen mot Jerusalem. Undervegs besøker vi fjellborga Masada og får høyre den sterke historia om dei jødiske selotane som ofra livet i staden for å hamne i romaranes hender etter Jerusalems fall i år 70-73. Og vi stansar i Qumran, kor dei berømte Dødehavsrullane vart funne i nokre grotter. Så startar vi oppstigninga mot Israels hovudstad Jerusalem. 800 meter over havet ligg byen som er i verdas sentrum og den mest omtala by i verda, den byen kong David gjorde til hovudstad for over 3000 år sidan. Vi skal bu i hjarta av byen på hotell Prima Kings.

Dag 7, onsdag 25. okt.:**Oljeberget, Getsemane og Gamlebyen**

Vi startar besøket i Jerusalem med samling oppe på Oljeberget, med fantastisk utsikt over byen. Her kom Meistaren sjølv ridande på eit esel og vi skal vandra i Hans fotspor nedover mot Getsemane hagen, kor vi minnst Jesu bønemark. Vi fortset vidare til Løveporten og går inn til St. Anna kyrkja, ved Bethesdadammen, korsfararkyrkja som er bygd til minne om Jesu mormor. Her vert kyrkjelydssongen løfta til nye høgder i kyrkjias fantastiske akustikk! Vi går så delar av lidingsveg; Via Dolorosa fram til Gravkyrkja. Så vert det tid i basargatene. I kveld skal vi tilbake til gamlebyens murar og sjå det fantastiske «Night Spectacular Show» på Jerusalems murar, historia til byen og landet vi besøker.

Dag 8, torsdag 26. okt.:**Yad Vashem, Davidsbyen, Hiskia tunnelen og Vestmuren**

I dag besøker vi Holocaust museet Yad Vashem, ein sterk minnestad over dei meir enn 6 millionar jødar som vart utrydda under 2. verdskrig, av dei 1,5 mill. born. Så køyrer vi tilbake til Øst-Jerusalem og besøker Davidsbyen; Davids Jerusalem. Herifrå kan vi gå til Hiskia tunnelen som kong Hiskia fekk laga ca. 700 f.Kr., for å binde saman Gihonkjelda og Siloadammen. Den er 50-70 cm brei og vi går i vatn som rekk opp til låret på det djupaste. Dagen vert avslutta ved jødanes heilagaste stad; Vestmuren eller Klagemuren. Dette er delar av muren kring Tempelet som eingong stod her. Det vart øydelagt i år 70 e. Kr. I dag er det muslimanes tredje viktigaste moské, Al Aksa moskeen og den gullfarga Klippedomen som ligg på Tempelplassen.



Dag 9, fredag 27. okt.: Betlehem og Gravhagen

Det er siste dagen vår i det Heilage land og vi skal besøke Jesu fødeby Betlehem, som ligg vel 10 km frå Jerusalem. Her valde Gud å tre inn i verda som Menneskesonen. Vi besøker Fødselskyrkja som er bygd over staden der Jesus vart født og Hyrdemarkane der englane synt seg for gjetarane. Så vender vi tilbake til Jerusalem og avsluttar reisa vår med nattverdsamling i Gravhagen ved Gordons Golgata. Denne vakre, fredfylte hagen med ei tom grav.

**Dag 10, laurdag 28. okt.: Heimreisedag**

Det er tid for å seie på gjensyn til Israel for denne gong; Shalom v'lehitraot (fred og på gjensyn), og vår buss og guide tek oss til Ben Gurion flyplass for heimreise med direktefly til Norge. Hjarteleg takk for turen!

Ved min. 35 betalende**Turprisen kr. 21800,- pr. person i delt dobbeltrom****Enkeltromstillegg kr. 5250,-****Inkl. i turprisen:**

Flybillett Bergen—Tel Aviv med British Airways inkl. flyavgifter, Tel Aviv—Bergen med direktefly inkl. flyavgifter, heile rundreisa med alle utflukter etter programmet, Opphold i dobbeltrom på turistklassehotell, Halvpensjon dvs. frukost og middag, inngangsbilletter til alle besøksstadar slik det framgår av dagsprogrammet. Norske reiseleiingar, norsktalende guide

Ikke inkl. i turprisen:

Enkeltromstillegg, andre måltider, drikke til maten, tips til hoteller, guide og sjåfør på USD 75, Reiseforsikring, og Avbestillingsforsikring

Vi har begrensa antall plassar på turen. Turen vert fylt opp fortløpande. På grunn av strenge reglar frå flyselskapa, må vi ha inn påmeldingar så tidleg som muleg. Ved seine påmeldingar kan vi ikkje garantera plass på turen. Prisane er gitt på gjeldande prisar og valtuakursar (januar 2017). Vi tek atterhald om programendringar og at det meldar seg nok deltakarar til å gjennomføra turen. Vi tek også atterhald om endringar i valutakursar, devaluering e.l. Det same gjeld uforut-satte avgiftsækningar, nye skattar eller liknande. Praktiske opplysningar og informasjon vert sendt alle påmeldte i god tid før avreise.

På denne turen gjeld spesielle avbestillingsreglar. Ta kontakt for info eller sjå www.plussreiser.no sjå for øvrig generelle vilkår.

**Reisa bestill du på:
www.plussreiser.no/reiser/felleskapstur
eller på telefon 70 17 90 00**

Teknisk arrangør:

PLUSREISER
— mer enn ferie

